



# DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømeråd

Hordaland fylkeskommune  
Pb 7900  
5020 BERGEN

Dato: 17.06.2014

Vår ref: 14/2571 - 2 JZM (14/15604)

Dykkar ref:

## **Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2014/14561 - høyringsfråsegn frå Bjørgvin bispedømeråd**

Vi viser til dykkar brev dagset 27. mai med regional plan for attraktive senter i Hordaland. Bispedømerådet har tidlegare vore invitert til ein konferanse som del av arbeidet med denne planen. Der var kyrkja sin plass eit tema som vart handsama særskilt, bl.a. i eit gruppearbeid. Det vart sagt at kyrkja gjev rom for noko anna enn det kommersielle som ofte kan prega slike senter. Den står for verdiar som me ønskjer skal vera tydelege midt blant folk der dei samlast.

Det vart nemnd av fleire deltakarar at kyrkjer og kyrkjelydshus har mykje til felles med kulturhus og bibliotek. Kyrkja er ein av dei få stadane der ein kan oppleve å møte alle generasjonar saman.

Bjørgvin bispedømeråd meiner at kyrkja er med på å gjera sentrumsområda attraktive, både med sitt tilbud og sin estetikk, både for fastbuande og turistar. Den gjev eit meningsfullt fritidstilbod til alle generasjonar og må difor liggja sentralt i høve til kollektivtrafikk.

På bakgrunn av dette meiner vi det er påtakeleg at kyrkja ikkje er nemnd med eit ord i planen. I «Utfordringsnotat til temamøte 19.11.13» var kyrkja nemnd i kap. 3.5. om kulturhus. Der er kyrkje og kyrkjelydshus nemnd som døme på anlegg som med fordel kan leggjast sentralt for å styrke aktiviteten ut over vanleg kontortid.

Det er viktig at kyrkja er nemnd i planen, slik at kyrkja tidleg får ein plass i nye senterområde, anten med nybygg eller med aktivitet i andre bygg.

Med helsing

Tore Skjæveland e.f.  
kyrkjefagsjef

Jens Z. Meyer  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakere:**  
Hordaland fylkeskommune

5020

BERGEN